

NY REKTOR VED ØRSTA VIDAREGÅANDE SKULE

NY REKTOR VED ØRSTA VIDAREGÅANDE SKULE

Yngve Omenås (53) er tilsett som rektor ved Ørsta vidaregåande skule frå 01.01.2010

Ørsta vidaregåande skule har eit sterkt fagmiljø og er godt i gang med å implementere Kunnskapsløftet. Skulen er samtidig inne i ein periode med spanande organisatoriske omstillingar. Som ny rektor vonar eg å bidra til å behandle og utvikle vidare den sterke faglege tradisjonen skulen har, samtidig som eg vonar at endringsprosessane bidrar til at skulen utviklar seg vidare til å bli ein omstillingsdyktig og viktig samarbeidspartnar for det lokale næringsliv og ein attraktiv skule for elevar og tilsette, seier Yngve Omenås.

Omenås har utdanning frå høgskulen i Molde, Statens lærarhøgskole for handels- og kontorlag, Bedriftsøkonomisk Institutt og Universitetet i Bergen.

Yngve Omenås har brei erfaring frå vidaregåande opplæring, både gjennom mange år i undervisningsstilling, stilling som fagopplæringskonsulent og dei siste fem åra i stilling som rektor ved Ørskog vidaregåande skule. Han har i tillegg leiarerfaring frå Ekornes ASA og Fiskerstrand Verft AS.



2010.01.07 9:05